

Årsrapport frå Dei nasjonale forskingsetiske komiteane 2024

*v 2



De nasjonale
forskingsetiske
komiteane

Innhald

I. Leiar si melding	3
II. Kort om Dei nasjonale forskningsetiske komiteane og hovudtal	4
III. Årets aktivitetar og resultat	5
Oversikt over mål- og resultatstyring for FEK	5
Samlet vurdering av prioriteringer, ressursbruk, resultater og måloppnåelse	6
Utgreiing om måloppnåing	7
IV. Styring og kontroll i FEK	16
V. Vurdering av framtidsutsikter	19
VI. Årsrekneskap	20
Stadfesting	20

*Etter førespurnad frå Riksrevisjonen, inneheld versjon 2 også leiingskommentar til årsrekneskapen.

I. Leiar si melding

2024 var året då forskingsetikk vart sett høgt på dagsordenen i offentlegheita gjennom fleire saker som omhandla plagiat. Sentrale spørsmål i den offentlege samtalen, og som me i Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK) har bidrege til å klargjera, er kva praksisar som eigentleg blir omfatta av plagiatomgrepet og kvifor plagiat både nasjonalt og internasjonalt blir rekna som eit alvorleg brot på god vitenskapleg praksis. Sakene illustrerer at det framleis står att mykje arbeid knytt til å fremja kunnskap om grunnleggjande forskingsetiske normer og betydninga av dei. I den offentlege debatten har me mellom anna vore opptekne av å få fram at me bør ha rammeverk som evnar å skilja mellom meir og mindre alvorlege former for overtramp, og som skil mellom fusk og feil. I samband med ny universitets- og høgskulelov, har me vore opptekne av å formidla at det er viktig at krava til god praksis som blir stilt til studentar og forskarar samsvarer i størst mogleg grad, og at dei byggjer på forskingsetiske omgrep og grunngevingar. Det er ein føresetnad for at me skal klara å byggja ein god forskingsetisk kultur på institusjonane, der det blir lagt til rette for og blir oppmuntra til god praksis.

Er det meir uredeligheit i forskinga, eller berre meir kunnskap om varslingsmekanismer og aukande bruk av systemet? Nasjonalt utval for gransking av uredeligheit i forsking (Granskingutvalet) har hatt ein markant auke i klagesaker dei siste åra. Med forskingsetikklova frå 2017 fekk utvalet endra oppgåver, og det har vore forventta at saksmengda kunne auke, men det er fyrst det siste året vi verkeleg har sett effekten. Denne auken krev mykje av sekretariatet sine ressursar, og gjer at vi må prioritere handteringa av saker. Det kan skje på kostnad av førebyggjande arbeid. Vi ønskjer meir tid til førebygging, då vi blant anna erfarer at mange av sakene som vert mottekne – anten som klagesaker eller rapporteringar frå institusjonane – kjenneteiknast ved usemje som oppstår i samarbeid. Fleire av desse kunne vore løyst eller unngått ved å leggje til rette for gode avtalar om blant anna forfatterskap eller eigarskap til data, tidleg i samarbeidet.

Urfolk og nasjonale minoritetar blei særleg sett på agendaen med [Sannheits- og forsoningskommisjonen sin rapport](#) om fornorskingspolitikk og urett

overfor same, kvener og norskfinnar. Det er gjort grov urett mot urfolk og nasjonale minoritetar i forskingens namn i Noreg, til dømes ved skallemlingar og innsamling av skjelettmateriale frå samiske gravplassar. Fortsatt er det eit stort behov for å diskutere etiske spørsmål som oppstår ved forskning med urfolk og nasjonale minoritetar, både på grunn av fortidens ugjerningar og fordi det kan oppstå særlege omsyn som må ivaretakast. I 2024 blei fleire sentrale problemstillingar reist på Årskonferansen. Spesielt har Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) og Nasjonalt utval for vurdering av forskning på menneskelege levningar (Skjelettutvalet) jobba med tematikken på ulike måtar i året vi har lagt bak oss, gjennom uttalelsar, dialog og utvikling av faglege ressursar. NESH har til dømes vore i tett dialog med Arkivverket i samband med forsvarleg lagring og bruk av arkivet etter Sannheits- og forsoningskommisjonen sitt arbeid.

Det er enorm interesse for forskingsetiske problemstillingar knytte til kunstig intelligens. Den teknologiske utviklinga og utviklinga av kunstig intelligens (KI) spesielt, krev eit kompetanseløft i forskingsetikk og ein kritisk diskusjon av kva normene betyr. I innspel til systemmeldinga vektla FEK blant anna behovet for å stille krav til utviklarar og brukarar om at dei skal forhalde seg til anerkjente forskingsetiske normer. FEK har løfta diskusjonar om KI på Årskonferansen, Forskningsetisk forum og Storfellesmøtet. Den nasjonale forskingsetiske komité for naturvitenskap og teknologi (NENT) har arrangert fleire webinarar med stor deltaking, og leiar, medlemmar og sekretariatsleiar har delteke på ei rekkje arrangement. Det er brei einigheit om at grunnleggjande forskingsetiske prinsipp og normer står fast i det digitale skiftet, men dei må forståast i lys av nye utfordringar og moglegheiter. Blant anna krev teknologiutviklinga ein gjennomgang av korleis praksisar som fabrikkering og plagiat definerast og forståast, og av korleis vi kan sikre ansvarlege praksisar, til dømes knytte til skriving og publisering av vitenskaplege arbeid.

Lov om medisinsk og helsefagleg forskning (helseforskningslova) skal fremje god og forsvarleg medisinsk og helseforskning. Den nasjonale forskingsetiske komité for medisin og helsefag (NEM) har jobba mykje

med å gi innspel til det pågåande arbeidet med revisjon av lovverket.

Fleire utviklingstrekk understrekar behovet for høg forskningsetisk medvit og eit kompetanseløft hos alle aktørar i forskningssystemet. Vi har jobba målretta for å bidra til å styrkje Forskningsrådet si tilnærming til forskningsetikk, og leverte eit verktøy til ein forskningsetisk eigenrefleksjon mot slutten av 2024. Frå 2025 tydeleggjer Forskningsrådet sine krav til forskningsetikk, og alle søkjarar til Forskningsrådet skal etter kvart gjere ei slik eigenevaluering. Forskinga er internasjonalt og etiske spørsmål som oppstår med og i forskinga må også diskuteras i internasjonale forum. Der deltek vi. Sekretariatet har utvikla ein handlingsplan for internasjonalt arbeid som oppstiller prioriteringar for arbeidet framover. FEK har ein leiande rolle i det europeiske arbeidet med forskningsetikk i The European Network of Research Integrity Offices (ENRIO). I 2024 deltok FEK på World Conference on Research Integrity (WCRI) i Athen, og i diskusjonar rundt ei ny global uttalelse om overgangen frå forskning til politikk og innovasjon. Som i Noreg, er det eit tydeleg behov for å lage rammeverk for forskningsetikk og forskingsintegritet som også henvender seg til andre aktørar i forskningssystemet, som næringsliv, offentleg forvaltning og politiske styresmakter.



Helene Ingierd

Direktør, Dei nasjonale forskningsetiske komiteane,
Oslo, 15. mars 2025

II. Kort om Dei nasjonale forskningsetiske komiteane og hovudtal

FEK skal bidra til at all forskning i Noreg skjer i samsvar med anerkjende forskningsetiske normer, og er det viktigaste fagorganet for forskningsetikk. Komiteane vart oppretta i 1990. Sidan 2013 har FEK vore eit forvaltningsorgan underlagt Kunnskapsdepartementet. Komiteane og utvala er faglege uavhengige. FEK omfattar følgjande komitear og utval med eit felles sekretariat:

Tabell 1. Komitear og utval		
Navn	Forkorting	Talet på medl.
Den nasjonale forskningsetiske komiteen for medisin og helsefag	NEM	14
Den nasjonale forskningsetiske komiteen for naturvitskap og teknolog	NENT	13
Den nasjonale forskningsetiske komiteen for samfunnsvitskap og humaniora	NESH	14
Nasjonalt utval for gransking av ureieleg forskning (Granskingsutvalet)	GRU	11
Nasjonalt utval for vurdering av forskning på menneskelege leivningar (Skjelettutvalet)	SKJ	10

Tabell 2. Hovudtal			
Kategori	2024	20223	2022
Talet på årsverk	10,6	10,6	9,9
Samla tildeling	22 595 000	21 908 000	21 052 000
Utnyttingsgrada av tildeling	94,9 %	94,2 %	93,0 %
Driftsutgifter	21 432 454	20 648 091	19 590 893
Lønsdel av driftsutgifter	71,9 %	71,1 %	68,4 %
Lønskostnad per årsverk	898 514	914 351	904 357

Pengestorleikar i NOK

FEK er lokalisert i Kongens gate 14 i Oslo sentrum og deler lokale med Teknologirådet. Sekretariatet vart i 2024 leidd av Helene Ingierd.

III. Årets aktivitetar og resultat

Oversikt over mål- og resultatstyring for FEK

Kunnskapsdepartementet (KD) har fastsett følgjande samfunns mål for FEK:

Etisk god og ansvarleg forskning

Følgjande mål er fastsett på brukarnivå:

1. Forskarar og forskingsinstitusjonar fremjar etisk god og ansvarleg forskning
2. Andre aktørar tek omsyn til forskningsetikk i arbeidet sitt
3. Samfunnet har tillit til forskning

I tildelingsbrevet for 2024 er det angitt at det første målet på brukarnivå skal ha særleg prioritet. Gjennom arbeidet knytt til mål- og resultatstyring har me utvikla følgjande mål for produkt og tenester:

- Fagleg gode retningslinjer og ressursar
- Profesjonell rådgiving og rettleiing
- Godt grunngitte fråsegner og vedtak
- Relevante møteplassar for erfaringsutveksling og debatt

FEK har i tillegg eit internt mål om å vidareutvikle eit kompetent og effektivt sekretariat, jamfør strategien for FEK 2021-2025.

KD har også lista opp følgjande to styringsparametrar:

1. Forskingsetiske retningslinjer skal til kvar tid vere gode verktøy for å fremje god og ansvarleg forskning.
2. FEK blir oppfatta som ein ressurs for forskingsinstitusjonane i arbeidet som desse gjer med å fremje god og ansvarleg forskning.

I det følgjande rapporterer me om måloppnåinga, i samsvar med mål for produkt og tenester, der me under kvart av måla gjer greie for dei mest sentrale aktivitetane, og dessutan gir ei vurdering av effektiv ressursbruk og om aktivitetane bidreg til FEKs overordna måloppnåing.

III. Årets aktiviteter og resultat

Samla vurdering av prioriteringar, ressursbruk, resultat og måloppnåing

Aktivitetane i 2024 har vore baserte på mål og styringsparametrar gitt gjennom tildelingsbrevet og FEK sin strategi. I tillegg er risikovurderinga for måloppnåing lagt til grunn for dei prioriteringane som er gjorde.

FEK sine prioriteringar og hovudinnsats har også i 2024 vore retta mot forskarar og forskingsinstitusjonar og mål 1: *Forskarar og forskingsinstitusjonar fremjar etisk god og ansvarleg forskning*. Fortløpande rådgiving og rettleiing, gjennom saksbehandling og utarbeiding av rådgivande utsegner og vedtak, har høgaste prioritet i arbeidet vårt. Nært knytt til dette, er arbeidet med å leggja til rette for møte i komitear og utval. Ein grunnleggjande føresetnad for alt arbeidet me gjer, er at me har eit kompetent og effektivt sekretariat. Dette sikrar me gjennom interne møteplassar, god økonomistyring og internkontroll, vidareutvikling og vidareføring av gode styringsverktøy, under dette utviklinga av ein ny strategi for FEK, og tiltak for å vera ein god arbeidsplass, under dette moglegheiter for fagleg fordjuping. Også utviklinga og oppdateringa av fagleg gode ressursar, og tilrettelegginga av relevante møteplassar, slik som Forskningsetisk forum, blir rekna som svært viktige tiltak for måloppnåinga.

FEK ser at målet berre kan oppfyllest i tett samarbeid med forskarar og forskingsinstitusjonar, og med føreseielege og gode rammer for forskinga. FEK erfarer at forskarar og forskingsinstitusjonar generelt passar nøye på tydinga av at forskinga skjer i samsvar med anerkjende forskningsetiske normer. Dialog med forskarar og forskingsinstitusjonar stadfestar at det skjer mykje godt arbeid, mellom anna knytt til opplæring i forskningsetiske normer. FEK kjenner mellom anna til gode initiativ på NTNU, UiO og Oslomet. Me har i 2024 også lagt til rette for brei erfaringsutveksling rundt forskningsetikklova, og spesielt handteringa av sakar om mogleg ureiulegheit. FEK har i stor grad innfridd mål 1.

FEK skal også bidra til at andre aktørar tek omsyn til forskningsetikk i arbeidet sitt, jf. mål 2. Dette målet ser FEK i samanheng med formålsparagrafen i forskningsetikklova om at all forskning i Noreg, i offentleg

og privat regi, skal skje i samsvar med anerkjende forskningsetiske normer. Dette gjeld alle aktørar som er involverte forskning, som finansiørar, oppdragsgivarar, og samarbeidspartnarar. Forskinga går føre seg i aukande grad i samarbeid mellom forskingsinstitusjonar og andre aktørar som offentleg forvaltning og næringsliv. Det er også ei klar politisk målsetjing med auka FoU-innsats i næringslivet. Det blir dermed endå viktigare å sikra at andre aktørar tek eit medansvar for forskningsetikk.

Mål 3 fastset at samfunnet skal ha tillit til forskning. Fleire utviklingstrekk gir grunn til bekymring. I lys av dette, er det særleg viktig å leggja til rette for dialog med ei breiare offentlegheit om dei normene og verdiar forskinga er tufta på.

Samla er leiars overordna vurdering at FEK oppfyller dei måla som er sette for verksemda. I 2024 har FEK disponert tildelingar på til saman 22 595 000 kroner. Verksemda har hatt eit moderat underforbruk på 5,15 % av løyvinga. Mindreforbruket kjem av i all hovudsak til tider inntil 100 prosent sjukefråvær for tre tilsette hos FEK, i heile og deler av 2024. På grunn av uvisse i sjukefråværet, har det ikkje vore tilsett vikar før mot slutten av desember 2024, med oppstart i januar 2025. Sjukefråværet har også medført at arbeid ikkje har vore gjennomført som planlagt, først og fremst produksjon av fagbladet Magasinet Forskningsetikk og oppdatering av nettsidene.

Samla er leiars overordna vurdering at FEK oppfyller dei måla som er sette for verksemda.

Utgreiing om måloppnåelse

Fagleg gode retningslinjer og ressursar

I det følgjande blir dei mest sentrale ressursane FEK har arbeidd med i 2024 framheva.

Forskingsetisk hugseliste: Eit verktøy for forkingsetisk eigenevaluering for Forskingsrådet

FEK har i dialog med Noregs forskingsråd (Forskingsrådet) og i innspel til Kunnskapsdepartementet understreka betydninga av at Forskingsrådet, som ein sentral aktør i det norske forskingssystemet, stiller tydelege krav til forkingsetikk i utlysingstekster og ved vurderingar av søknader. I 2024 har me jobba med å få på plass eit verktøy for ei obligatorisk forkingsetisk eigenevaluering for fleire av søknadstypene i Forskingsrådet. Frå 2025 skal denne gjelde for alle søknadstypar.

Arbeidet er sentralt for måloppnåinga i FEK, jf. FEK sitt samfunns mål: *Etisk god og ansvarleg forsking*. Ei forkingsetisk eigenevaluering skal vera ein ressurs for forskarar som søker om løyving frå Forskingsrådet. Formålet med verktøyet for eigenevalueringa er å hjelpa søkjarar med å identifisera dei viktigaste forkingsetiske dimensjonane i eit prosjekt, og peika mot sentrale ressursar som kan rettleia dei i handteringa av desse. Den skal slik vera eit verktøy for å kunna gjera gode og solide forkingsetiske vurderingar, som ledd i å sikra at forkinga skjer i samsvar med anerkjende forkingsetiske normer. FEKs vurdering er at ei forkingsetisk eigenevaluering kan styrkja Forskingsrådet sitt arbeid med forkingsetikk, og også bidra til at andre forskingsaktørar tek omsyn til forkingsetikk.

FEK skal halda fram dialogen med Forskingsrådet om dette verktøyet i 2025.

Forskingsetiske retningslinjer for naturvitenskap og teknologi

Ein revidert og oppdatert versjon av *Forskingsetiske retningslinjer for naturvitenskap og teknologi* vart ferdig frå NENT i 2024. Retningslinjene formulerer kva som er anerkjende forkingsetiske normer innan naturvitenskap og teknologi. Komiteen har sendt ut revidert utkast på høyring, og motteke 24 innspel. I tillegg til ei ny og utvida innleiing, er det også laga

ein appendiks med relevante ressursar og lovverk det blir viste til i retningslinjene. Av sentrale oppdateringar i retningslinjene er ei tydeleggjering av behovet for at forkinga er fri og uavhengig, presisering av andre forskingsaktørars ansvar, oppdatering av punkta om bruk av dyr i forking, og endringar knytt til samarbeid og oppdragsforskning, interessekonfliktar og habilitet og openheit.

Nettressurs om repatriering

Skjelettutvalet har ferdigstilt arbeidet med ein nettressurs om repatriering (returnering) av menneskelege leivningar. Utvalet er kjent med at fleire forkingsinstitusjonar og samlingar jobbar med spørsmål om repatriering og opplever det som eit utfordrande terreng. Utvalet har i ei årrekkje jobba med spørsmål om repatriering, m.a. ved å gi råd i enkeltsaker, organisera seminar om temaet og i arbeid med *Forskingsetisk veileder for forking på menneskelige levninger* (Skjelettutvalet, 2022). Utvalet innhenta informasjon frå institusjonane om temaet som eit grunnlag. Formålet med nettressursen er å samla kunnskapar og praksisar på feltet, som kan nyttiggjerast av fleire innan samlingsforvaltning, forking og formidling.

Rapport om nøkkeldefinisjonar i forkingsetikk

I det internasjonale arbeidet om forkingsetikk kan det vera ei utfordring at ulike land, institusjonar og fag opererer med ulike omgrep og definisjonar. *European Network for Research Integrity Offices* (EINRIO) oppretta ei arbeidsgruppe i 2023 med to målsetjingar: (1) kartleggja om og korleis sentrale omgrep knytt til «forkingsetikk» blir definerte i land som er representert i EINRIO, og (2) utvikla ei ordliste og foreslå korleis nøkkelomgrep blir definerte. Arbeidet skal munna ut i rapporten *Revising definitions of key research integrity-related concepts* og leiast av direktør i FEK. Bakteppet er at EINRIO er ei europeisk stifting som har som formål å fremja forkingintegritet i Europa. For å oppfylla dette er det vesentleg å få ei oversikt over korleis sentrale omgrep blir definerte i Europa og å prøva å oppnå ei samlande forståing av kva dei ulike omgrepa omfattar. Slik kan organisasjonen bidra til å leggja til rette for eit meir heilskapleg rammeverk for forkingintegritet og etikk i Europa.

III. Årets aktiviteter og resultat

Målgruppa for rapporten er medlemmer i ENRIO, dvs. organ for forskingsintegritet/reielegheitsutval, og andre som arbeider med forskingsintegritet og forskningsetikk i Europa, og dessutan andre aktørar i forskingssystemet, slik som EU-kommisjonen.

Kartlegginga vart utført ved ein spørjeundersøking som vart sendt til alle land representerte i EINRIO i slutten av 2023 (n=25), med svar frå 21 land. Spørjeundersøkinga inkluderte mellom anna spørsmål om 11 nøkkelfinisjonar. I 2024 har arbeidsgruppa i EINRIO analysert materialet og starta arbeidet med den normative analysen knytt til målsetjing (2). Arbeidsgruppa vil identifisera relevant litteratur, velja ut prinsipp formulert i rammeverk for forskningsetikk og forskingsintegritet, og bruka definisjonane som er gitt gjennom svara på spørjeundersøkinga i analysen.

FEK reknar dette arbeidet som viktig og i tråd med prioriteringane, jf. Strategi for FEK 2021-2025, spesielt mål 1: Styrkja arbeidet med forskningsetikk, og sekretariatets *Handlingsplan for internasjonalt arbeid*, som mellom anna seier: «Ulik omgrepsbruk gjer at det er særleg viktig for FEK framover å delta i internasjonalt arbeid som bidreg til omgrepsavklaring, og at me internt er samla om korleis me kommuniserer arbeidet vårt internasjonalt» (s. 2). Meir spesifikt vil rapporten dette arbeidet skal resultera i, kunne vera ein viktig fagleg ressurs, internt, nasjonalt og internasjonalt.

Magasinet Forskningsetikk

Magasinet Forskningsetikk er eit uavhengig, gratis fagblad som er tilpassa ei brei gruppe lesarar, frå forskarar og studentar til styresmakter, allmenta og medium. Magasinet skal bidra til å skapa medvit, kunnskap og debatt gjennom seriøs, kritisk og informativ journalistikk. Vanlegvis gir me ut tre–fire utgåver av magasinet årleg. I 2024 kom det berre ut to utgåver, på grunn av sjukefråvær i redaksjonen. Denne situasjonen har vore ein katalysator for at me no er i gang med ein prosess rundt digital satsing. Papirmediet har sine fordelar, men eit auka nærvær og aktivitet på nett vil også kunna vera både nødvendig og viktig. Mellom anna ser me for oss moglegheita for auka fleksibilitet og aktualitet og at me kan no ut til eit endå breiare publikum. Utgreiinga av det digitale livet til magasinet er noko me kjem til å jobba intensivt med i 2025.

Vurdering

Arbeidet med å utvikla og revidera fagleg gode ressursar og retningslinjer er høgt prioriterte i FEK. I 2024 har fleire av komiteane og utvala jobba med å vidareutvikla og oppdatera retningslinjer. Me prioriterer også arbeid med internasjonale ressursar. I tillegg til å delta i fleire arbeidsgrupper i ENRIO, har me omsett European Code of Conduct for Research Integrity frå ALLEA til norsk. Dette er det viktigaste rammeverket for forskingsintegritet og etikk i Europa. Fleire av ressursane me lagar er retta mot fleire aktørar i forskingssystemet: forskarar, forskingsinstitusjonar, forskingsfinansierande instansar og andre aktørar involverte i forskning.

Generelt erfarer FEK, gjennom dialog med forskarar og forskingsinstitusjonar og andre aktørar, at dei ressursane FEK utviklar blir opplevd som relevante og nyttige verktøy i arbeidet med å fremja etisk god og ansvarleg forskning. Me erfarer også at dette er eit ressurskrevjande arbeid, som må vika når det er stor belastning på saksbehandlinga i komitear og utval. Den nasjonale forskningsetiske komiteen for medisin og helsefag (NEM) har eit stort etterslep på oppdateringar i dei retningslinjene og rettleiarar komiteen har utarbeidd pga. eit høgt trykk på klagesaker dei siste åra, som NEM må prioritera.

Profesjonell rådgiving og rettleiing

Ein viktig del av FEK sitt arbeid handlar om å gi profesjonell rådgiving og rettleiing. Dette skjer gjennom fleire aktiviteter, i tillegg til å svara på førespurnader fortløpande. Mykje av den profesjonelle rådgivinga og rettleiinga vår handlar om å gi foredrag og undervisning. FEK har spesielt fokus på dette gjennom nettsidene, og ved eit eige opplæringsprosjekt, som blir omtalt i det følgjande. I tillegg er deltaking i offentleg debatt viktig for å nå ut til fleire grupper.

Nettsidene

2024 har vore prega av ein krevjande personalsituasjon, og det har ikkje vore mogleg å halda oppe normal drift på nettsidene. Påkommande oppgåver har vore varetakne, men det har elles vore låg aktivitet. Det blir også spegla i tala for bruk av sidene.

Tabell 3	2024	2023	2022
Sidevisningar totalt	848 109	1 766 540	1 483 970
Sidevisningar på engelsk	216 686	476 483	403 097
Talet på besøk	271 633	321 750	333 897
Økter på mobil (inkl. tablet)	54 655	76 869	86 604

Dei mest nytta ressursane er retningslinjene frå NESH og NENT, og dessutan NEM sin vedtaksdatabase og utsegner frå Granskingsutvalget. I tillegg er utvalde artiklar frå Forskningsetisk bibliotek (FBIB) hyppig besøkte.

Også for engelske brukarar er retningslinjene den viktigaste ressursen, men då også NENT sine retningslinjer for forskning med dyr og NESH sin rettleiar for internettforskning. FBIB er også ein viktig ressurs for mange global.

Verktøyet Siteimprove blir nytta for å sikra at nettsidene er tilgjengelege og brukarvennlege. Sider blir gjennomgånne automatisk og feil blir rapporterte, slik at dei kan rettast manuelt. Digital Certainty Index, som måler tilgjengelegheit, kvalitetssikring og SEO, var 78,7 ved utgangen av året, ned frå 92,9 året før. Dette kjem i stor grad av ein feil som gav mange brotne lenkjer, men som ikkje ramma brukarane. Feilen oppstod i oppgradering til ny versjon av CMS. Bransje-benchmark for statlege verksemder var 82,4.

Opplæringsressursar

FEK har også i 2024 jobba med eit prosjekt der målet er å styrkja tilbodet av ressursar som kan brukast av forskingsinstitusjonane i deira arbeid med undervisning og opplæring innan forskningsetikk. Prosjektgruppa starta utvikling av ei temaside for ureielegheit i forskning, som skal bidra inn mot samfunnsoppdraget vårt. Nettsida skal gi ein kort introduksjon til temaet, og formålet er å løfta fram og opplysa om sentrale forskningsetiske problemstillingar, og å visa til relevante ressursar og referansar. Målgruppe for temasider er brei: studentar, forskarar, undervisarar, leiarar og administrativt tilsette ved forskingsinstitusjonar, men også andre som ønskjer meir kunnskap om forskningsetikk. Desse ressursane skal vera dynamiske og oppdaterast ved utvikling på feltet eller ved behov.

I 2024 har me framleis arbeidd med å oppdatere Forskningsetisk bibliotek (FBIB). FBIB tilbyr spesialforfatta artiklar om forskningsetiske emne, skrive av ei lang rekkje ulike ekspertar og fagpersonar. Til saman skal artiklane tena som introduksjon til dei viktigaste forskningsetiske temaa. Formålet med FBIB og tilknytte ressursar er å bidra til refleksjon og debatt snarare enn å skapa eit oppslagsverk eller ein fasit. Me har mange oppdaterte og nye artiklar i 2024, mellom anna om kunstig intelligens, og fleire er omsette til engelsk..

Deltaking i offentleg debatt

For at FEK skal kunna spreia kunnskap om forskningsetikk i befolkninga og dermed bidra til å vareta tilliten til forskning, er det viktig å delteke i offentleg debatt. I 2024 har FEK teke initiativ til og delteken i fleire offentlege debattar, både på tv, i radio og aviser. Prioritering av slik deltaking følgjer kommunikasjonsplanen vår. Her nemner me nokre av dei sentrale debattane der FEK har bidrege..

Kva er plagiat og kvifor reknast det som eit alvorleg brot på god vitenskapleg praksis?

På byrjinga av fjoråret vart det store oppslag i media då det vart avdekt av dåverande forsknings- og høgere utdanningsminister, Sandra Borch, hadde plagiert delar av masteroppgåva si. Etter ei tid vart det også avdekt mogleg plagiat i masteroppgåva til dåverande helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkhof. Avsløringane kom i kjølvatnet av diskusjonar om såkalla sjølvplagiat blant studentar. Direktør Ingierd deltok mellom anna på Dagsnytt 18 om tematikken, der ho understreka at «sjølvplagiat» er eit dårleg omgrep då det lett blir likestilt med plagiat. Det er meir presist å snakka om «gjenbruk av eige materiale», som kan vera meir eller mindre alvorleg etisk sett, avhengig av omfanget.

Me opplevde mange førespurnader i denne perioden med spørsmål om fusk og ureieleg forskning, og me jobba for å gjera ressursane våre på dette området best mogleg tilgjengeleg. FEK bidrog i fleire kanalar, gjennom deltaking v/ Ingierd i Debatten og i kronikkar og intervju, mellom anna i [VG](#), [Vårt Land](#) og [Times Higher Education](#).

III. Årets aktiviteter og resultat



NRK: Helene Ingierd på Debatten med Fredrik Solvang, 11. april 2024.

For FEK har det vore viktig å formidla at plagiat blir rekna som eit alvorleg brot på vitenskapleg praksis i forskingsetiske rammeverk, og kvifor det er slik. Avsløringane, utsegner frå dei involverte og diskusjonane som følgde, viser at det framleis er eit stort behov for å rusta opp opplæringa i grunnleggjande forskingsetiske normer knytte til god vitenskapleg praksis, også blant studentar. Det er også viktig at retningslinjene for fusk på dei ulike lærarstadene er mest mogleg samlande og i tråd med forskingsetiske normer studentar uansett skal lærast opp i.

Akademisk samarbeid og boikott

I 2024 var det mange diskusjonar på norske og internasjonale universitet og andre forskingsinstitusjonar knytte til ansvarleg internasjonalt samarbeid og mogleg akademisk boikott. Spesifikt kom det mange spørsmål knytte til samarbeid og boikott av israelske forskingsinstitusjonar. Grunngevinga for å ikkje vedta akademisk boikott eller avslutta samarbeid har i hovudsak vore fordi dette blir rekna for å vera eit brot med den akademiske fridommen til den enkelte. Samtidig inneber det forskingsetiske ansvaret også eit ansvar for å gjera vurderingar knytte til samarbeidspartnarar, mellom anna med bakgrunn i normer om samfunnsansvaret til forskinga. Direktør har i fleire samanhenga [klargjort dette ansvaret](#), også på eit [ope møte](#) om internasjonalt ansvarleg samarbeid saman med HK-dir.

Overordna sett reises spørsmål om korleis forskingsinstitusjonar legg til rette for at internasjonalt forskingssamarbeid skjer innanfor rammesom både sikrar akademisk fridom og skjer i samsvar med anerkjende forskingsetiske normer. Fleire ferske ressursar er relevante for tematikken, slik [rettleiar frå FEK](#) oom det breie ansvaret for forskingsetikk ved institusjonan.

Vurdering

Det er eit stort behov for profesjonell rådgiving og rettleiing i oppfølginga av forskingsetikklova, spesielt, men også utover rammene av lova. Dette er arbeid som blir høgt prioritert i FEK, og sekretariatet i FEK bruker mesteparten av si tid på dette, i tillegg til saksbehandlinga for komitear og utval. Granskingsutvalet skal rettleia forskingsinstitusjonane om behandling av saker om moglege brot på anerkjende forskingsetiske normer, jf. forskingsetikklova § 7 tredje ledd. Utvalet erfarer fleire førespurnader enn før, og også fleire rapporteringar frå forskingsinstitusjonane om behandlinga av saker som gjeld moglege alvorlege brot, jf. forskingsetikklova § 6 fjerde ledd. På grunn av betydeleg fleire førespurnader og saker i spesielt NEM og Granskingsutvalget dei siste åra, og dessutan sjukefråvær i sekretariatet, har ikkje FEK kunne prioritera utviklinga av opplæringsressursar i det tempoet som er ønskt.

Godt grunngitte fråsegner og vedtak

Gjennom fråsegner og vedtak gir komitear og utval konkret rettleiing i enkeltsaker.

Felles fråsegner

Også i 2024 har komitear og utval gitt fleire felles høyringsinnspel. Først og fremst gav FEK innspel til arbeidet med [melding til Stortinget om forskingssys-temet](#) (systemmeldinga). FEK understreka at forskningsetikk og akademisk fridom heilt eksplisitt bør danna ei ramme for arbeidet.

Innspela kan samanfattast slik:

- Forskingsetikk er ein føresetnad for kvalitet, openheit og tillit til forskning
- Alle aktørar i forskingssystemet bør ta eit medansvar for forskningsetikk
- Det digitale skiftet krev eit kompetanseløft og ein kritisk diskusjon av kva dei forskningsetiske normene betyr i praksis
- Ein ny geopolitisk situasjon med auka fokus på tryggleik må balansera omsyn til openheit og samarbeid og anerkjenna institusjonell autonomi
- Mål om at kunnskap blir teken raskare i bruk må sjåast i samanheng med behov for påliteleg forskning med høg kvalitet
- Meir forskning i næringslivet krev ei tilsvarende styrking av opplæring i, og auka forståing for forskningsetikk.

FEK gav innspel til [utgreiing av publiseringstatis-tikken](#) og registret over vitenskaplege publiseringsskanalar. Me har også gitt innspel til etterkontroll av personopplysningslova. Sist, har me gitt felles innspel til EUs kommande [rammeprogram for forskning og innovasjon](#).

Fråsegner og vedtak frå komitear og utval

NEM behandla 13 klager, og dessutan fleire førespurnader, i hovudsak om forståinga av regelverket. NEM gjorde ferdig evalueringa si av helseforskningslova, etter å ha hatt eit utkast med innspel frå REK, som vart sendt Helse- og omsorgsdepartementet i mars 2024. Høyring med forslag om endringar i helseforskningslova og helsepersonellova kom i oktober 2024, og NEM hadde då ei arbeidsgruppe som utarbeidde eit høyringssvar. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i NEM i 2024 er på åtte veker. Dette blir rekna som ak-

septabelt, men målet er at denne skal vera på maks. seks veker. Det er forventa at saksbehandlingstida vil stabilisera seg på fire–seks veker når sekretariatet no har to erfarne saksbehandlarar som jobbar med NEM, og utan sjukmeldingar.

Dei fleste førespurnadene om å behandla saker som kjem til NENT, handlar om konflikhtar eller skuldningar om praksis som ikkje er etisk akseptabel. Desse sakene fell ofte inn under snuskdefinisjonen i lova, og skal derfor behandlast av institusjonane. Det er generelt få førespurnader til NENT om å vurdere etikken i forskingsprosjekt.

Det er samtidig ein auke i førespurnader om å bidra på seminar og i ulike opplæringstiltak på institusjonane. For NENT har etterspurnaden særleg vore knytt til kunstig intelligens, men også andre tema som plagiat, oppdragsforskning og meir generell forskningsetisk rettleiing og opplæring.

NESH får mange førespurnader, men det er samtidig færre saker til behandling i komiteen. NESH har registrert ei aukande interesse for institusjonelle forskningsetiske komitear (IRB/ERB), i tillegg til dei lovpålagde reielegheitsutvala, noko som også er løfta i FEK sin [Veileder om institusjonenes ansvar for forskningsetikk](#) (2023, del 6). For NESH sin del er det viktig å halda fast på at slike komitear, på NESH sitt område, ikkje bør ha karakter av førehandsgodkjenning, men snarare vera forankra i forskarfellesskapen på linje med anna fagfellevurdering.

Talet på klagesaker under behandling i Granskingsutvalget i 2024 har vore fire. Dette kjem i tillegg til mange førespurnader som svarast ut fortløpande. Utvalet har fått og behandla 15 rapporteringar frå institusjonane på møte. Generelt ser me ein klar auke i klagesaker, og dessutan ein auke i talet på rapporteringar og andre førespurnader dei siste åra.

Skjelettutvalet gav rådgivande utsegner i sju saker. I tillegg gav utvalet rettleiing og råd i samband med fleire andre førespurnader frå forskarar og institusjonar. Utvalet vurderer talet på saker til vurdering for rådgivande utsegner som stabilt. Det er ein viss auke i talet på forskarar og institusjonar som kontaktar utvalet for å be om rettleiing i saker om materiale utan klar proveniens eller formål, og som har spørsmål om etisk forsvarleg handtering av eit slikt materiale.

III. Årets aktiviteter og resultat

Vurdering

Å gi rådgivande fråsegner, klagevedtak og innspel til høyringar står sentralt i arbeidet vårt. Gjennom fråsegner og vedtak kan komitear og utval klargjera kva anerkjende forskingsetiske normer betyr i konkrete saker, samtidig som saksbehandling gir verdifulle erfaringar for oppdateringar og justeringar av rammeverk. Me ser nokre tydelege tendensar dei siste åra:

For det første har me fleire saker som handlar om mogleg ureieleg forskning. Granskingsutvalet har ein klar auke av saker, og får fleire rapportar frå institusjonane. Mange førespurnader til NENT og NESH handlar om konfliktar eller skuldingar om praksis som ikkje er etisk akseptabel. Me ser at fagleg usemje og konfliktar, som burde vore løfta i faglege debattar eller i ei breiare offentlegheit, i større grad framstilast som skuldingar mot forskarar om brot på forskingsetiske normer og ureielegheit.

For det andre får me færre saker som handlar om å gi forskingsetiske råd i konkrete prosjekt. Det kan indikera at fleire saker blir behandla lokale, men biletet er ikkje eintydig. Me får også mange spørsmål om krav til førehandsgodkjenning. Mange forskarar møter krav om forskingsetisk vurdering i samband med publisering og internasjonalt samarbeid eller søknader. Andre har behov for å få avklart forskningsetiske spørsmål og saker som ikkje handlar om brot og ureielegheit. FEK meiner det er vesentleg at det breiare ansvaret for forskingsetikk ved institusjonane også blir vareteke framover.

Relevante møteplassar for erfaringsutveksling og debatt

FEK legg til rette for, og deltek på ei rekkje relevante møteplassar, og i det følgjande blir samanfatta nokon av dei viktigaste:

Komité- og utvalsmøte, inkludert institusjonsbesøk

NEM hadde sju komité møte i fjor, og to var digitale. NEM var på institusjonsbesøk i Bergen og hadde eit møte med temaet forskingsetiske utfordringar ved forskning i låg- og mellominntektsland. NEM vart betre kjend med det store forskingsmiljøet innan global helse i Bergen, og fekk nyttige innspel til *Veileder*

for forskning i lav- og mellominntektsland. NEM fekk også høve til å presentera seg sjølv og NEMs arbeid for dei nærverande. Vidare hadde NEM møte med BAR (Bergen Addiction Research group). Komiteen fekk høyra om forskingsetiske utfordringar knytte til studiar av amfetamin og benzodiazepin substitusjonsbehandling frå to forskarar og to brukarar. Brukarar er sentrale i desse kontroversielle prosjekta, og forskarane gjer ulike grep for å sikra informert samtykke hos pasientgruppa. NEM hadde også møte med leiar for EVBRES (evidence based research), som jobbar med å fremja evidensbasert forskning og hindra bortkasta forskning.

NENT hadde fire ordinære møte i 2024. MMøtet i september vart kombinert med eit institusjonsbesøk på Herøya i Porsgrunn, hos Yaras forskingssenter og Equinors responsible AI-team. Temaet for møtet med Yara var forskinga deira, forskingsfilosofi og etiske problemstillingar, og inkluderte eit besøk på det autonome skipet Yara Birkeland. Temaet for møtet med Equinor var arbeidet deira med ansvarleg kunstig intelligens. I tillegg hadde NENT tre korte, ekstraordinære møte for å førebu ulike høyringsinnspel.

NESH hadde fem komité møte, inkludert eitt digitalt, i tillegg til eitt møte i arbeidsgruppe for personvern og forskingsetikk som har gått gjennom malar og rettleiing frå Sikt. Eitt av komité møta var i Kristiansand i samband med institusjonsbesøk ved Universitet i Agder (UiA). Her fekk komiteen ei brei orientering om det systematiske arbeidet til institusjonen med forskingsetikk, med spesiell vekt på kunstig intelligens og konkrete utfordringar ved tre fakultet og ulike fagmiljø.

Granskingsutvalet hadde fem møte og eit institusjonsbesøk ved Universitetet i Stavanger (UiS). Granskingsutvalet møtte følgjande tre ærlegdomutval i det same møtet: Ærlegdomutvalet i Helse-Vest (HV), Forskningsutvalget ved VID og Forskningsetisk utval ved UiS.

Skjelettutvalet hadde fire ordinære utvalsmøte.

7.-8. mai 2024 gjennomførte utvalet tre dialogmøte med institusjonar i Stockholm: Historiska museet, Anatomisk samling ved Karolinska institutet og Riksantikvarieämbetet. Formålet med møta var å læra og utveksla erfaringar om handtering (forvaltning,

forskning, repatriering) av leivningar etter urfolk og minoritetar. Dei nordiske landa har mange felles problemstillingar omkring leivningar etter urfolk og nasjonale minoritetar, og i fleire tilfelle ulike praksisar for handtering og oppfølging. Utvalet opplevde møta som lærerike og nyttige med mange gode erfaringsutvekslingar.

Internt har me, forutan komité- og utvalsmøte og fortløpande møte i sekretariatet, hatt to møte i Samarbeidsutvalget (SU). Dette er ein sentral møteplass for å diskutera felles utfordringar og arbeid på tvers av komitear, utval og sekretariat. Her deltek leiarar for komitear og utval, sekretariatsleiarar, seniorrådgivar HR og økonomi og direktør. SU fastset dei overordna faglege temaa FEK jobbar med frå år til år, i 2024: kunstig intelligens og urfolk og nasjonale minoritetar.

Årskonferansen

Årskonferansen for komitear, utval og sekretariat vart arrangert 20. mars, med god deltaking og overveidande positive tilbakemeldingar. Temaa var kunstig intelligens og urfolk og nasjonale minoritetar. Det var sett av mykje tid til spørsmål og erfaringsutveksling mellom medlemmene.

Om kunstig intelligens, var det fleire som etterlyste meir drøfting rundt korleis teknologien påverkar definisjonar og forståing av snusk på den eine sida, og god vitskapleg praksis, på den andre. Samtidig trekte deltakarane fram at prinsippa og retningslinjene me har, står seg, slik desse sitata frå diskusjonen speglar: «Dei er grunnmuren me skal stå på, men me må forsterka det som er særleg utsett for press med KI.» «Me bør også vera merksame på at me kan få ei normgliding for kva me synest er greitt.» Det vart påpeika stor uvisse om kva konsekvensar bruk av KI-verktøy vil få for forskingsprosessen og forskinga i og for seg.

Rapporten frå sannings- og forsoningskommisjonen om fornorskingspolitikk og urett overfor samar, kvener og norskfinnar vart også presenterte. Det er mange døme på at forskinga har vore ein integrert del av fornorskingspolitikken, noko som framleis fører til interessante forskningsetiske spørsmål knytte til mellom anna kompensatorisk forskning, sjølvensur og akademisk fridom i urfolks- og minoritetsfor-

sking. Fleire av innleiarane snakka også om samtykke og kollektivt samtykke som eit særleg sentralt tema for denne forskinga. Den historiske ballasta kan føra til at forskinga er meir tidkrevjande, til dømes for å sikra god brukarmedverknad.

Innleiarane var samde om at det framleis er kontroversar i forskning med urfolk og nasjonale minoritetar, men det er samtidig eit stort behov for meir forskning og eit ønske om dette hos mange. Ein av innleiarane sa det slik: «Som forskarar skal me tola kontroversar, så lenge me har ryggdekning for det etiske i forskinga me har gjort og er trygge på at forskinga er til gagn for dei me forskar på.»

Storfellesmøtet

Ein gong i året samlast REK-komiteane, NEM og tilhøyrande sekretariat til Storfellesmøtet. NEM er ansvarleg arrangør, og samarbeider om plan, innhald og gjennomføring med ein av REK-komiteane. På Storfellesmøtet blir overordna forskningsetiske tema diskuterte, men også konkrete saker som har vore vurderte i REK og/eller NEM. Hensikta på møtet er opplæring av personane i komitésystemet, og å bidra til auka refleksjon omkring forskningsetiske problemstillingar. I tillegg er Storfellesmøtet ein viktig arena for å bli kjend, samarbeida og samhandla komiteane og sekretariata imellom. Utover medlemmer og varamedlemmer av REK og NEM, blir representantar inviterte for forskningsetiske komitear i Sverige og Danmark, Kunnskapsdepartementet (KD), Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), Datatilsynet, Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) og andre relevante instansar.



Storfellesmøtet: NEM-leiar Kari Milch Agledahl.

III. Årets aktiviteter og resultat

I 2024 gjekk Storfellessmøtet over to dagar med 132 deltakarar i Oslo. Tema var deling av helsedata til utvikling av kunstig intelligens, og etiske dimensjonar ved samtykke i medisinsk og helsefagleg forskning.

Forskingsetisk forum

Dette er den viktigaste møteplassen for alle som jobbar med forkingsetikk i Noreg, og møteplassen er spesielt retta mot undervisarar og medlemmer i ærlegdomutval og forkingsetiske utval. Slik er dette eit tilbod til forskingsinstitusjonane i deira arbeid med forkingsetikk. Her blir det lagt til rette for erfaringsutveksling om og fagleg påfyll om gode praksisar. Temaa i 2024 var forkingsetikklova og kunstig intelligens.

Lova har verka sidan 2017. Det har vorte større forståing for forkingsetikk, og institusjonane har fått gode system på plass for forkingsetisk arbeid. Samtidig som lova kan sjå ut til å ha ein positiv bevisstgjeringseffekt, erfarer me i FEK at mange forskingsinstitusjonar opplever at det er krevjande å skilja mellom behandling av (ulike) snusksaker og andre forkingsetiske spørsmål og saker, som ikkje nødvendigvis handlar om brot (jf. *Veileder om institusjonenes ansvar for forkingsetikk*, FEK 2023, s. 3). Det er derfor viktig å leggja til rette for erfaringsutveksling og gjensidig læring.

Kunstig intelligens krev at ein på ny tenkjer gjennom kva anerkjende forkingsetiske normer betyr. På forumet hadde me særleg fokus på korleis kunstig intelligens påverkar den delen av forkingsetikken som handlar om integritet i forkinga. Me inviterte m.a. Mohammad Hosseini, som deltok digitalt frå USA og snakka om korleis teknologien påverkar normer knytte til forfattarskap og tilvisingsskikk.

Webinarer om kunstig intelligens

NENT arrangerte to webinar om forkingsetikk og kunstig intelligens. Treng me godkjenning av KI-forsking? var spørsmålet som vart stilt 11. november. Innleiarar var Heidi Beate Bentzen (UiO), og Ellen-Marie Forsberg (NORSUS). Innlegga og diskusjonen omhandla både om me treng godkjenning, kvifor me treng det og korleis det kan organiserast. Det var ca. 70 påmelde til webinaret.

9. desember snakka Alessandro Gasparini (UiO), og Leonora O. Bergsjø (HiØ og UiA), om kva som er greitt og ikkje når det gjeld bruk av kunstig intelligens i forking. Det deltok over 200 personar i webinaret. Innleiarane viste korleis KI påverkar heile forkingprosessen, og trekte fram nokre hovudutfordringar m.a. knytt til data og til berekraft. Dei vektla at me må finna forsvarlege måtar å bruka KI på, og at forskarar må vera med på å forma praksis.

Forskingsetisk forum:

Mohammad Hosseini, Northwestern University, USA, snakka om korleis forkingsetiske prinsipp ikkje må endrast, men diskutert på ny i lys av utviklinga innan kunstig intelligens.



Andre møte med sentrale aktørar i forskingssystemet

FEK held dialog med aktørar i det norske forskingssystemet gjennom ulike møteplassar for erfaringsutveksling og debatt. FEK har i 2024 hatt fleire møte med sentrale aktørar i det norske forskingssystemet. Her følgjer eit lite utval: :

- FEK har framleis ein dialog med Forskningsrådet om deira arbeid med forskingsetikk.
- FEK har delteke på møte i KD om innspel til forskingsmeldinga.
- FEK v/ komitear og utval har hatt ei rekkje institusjonsbesøk og dialog med forskargrupper.
- FEK hhar arrangert møte med Vitenskapsakademiet om erfaringar med forskingsetikklova, der representantar frå ni ærlegdomutval deltok. Fleire rapporterte om utfordringar med sentrale omgrepet i lova, som «plagiat» og «vitskapleg ureielegheit».
- FEK v/ direktør deltok på fleire nettverksmøte med direktørane i Teknologirådet, Bioteknologirådet og Vitskapskomiteen for mat og miljø. Dette er nyttige samlingar for å diskutera overlappende arbeidsmåtar og moglege felles satsingar.
- FEK v/NEM har også i 2024 hatt eit godt og omfattande samarbeid med REK-systemet. I tillegg til Storfellesmøtet vart det avhalde to møte i arbeidsutvalet (AU) mellom REK og NEM..
- NEM har hatt møte med Statens helsetilsyn og Helse- og omsorgsdepartementet. Møtet gjaldt behov for ei klargjering av NEM og Helsetilsynet sine ansvarsområde.

I tråd med FEK sin strategi og *Handlingsplan for internasjonalt arbeid*, har FEK også delteke på ulike internasjonale møteplassar. Det er eit mål for FEK dei kommande åra å bidra i den globale utviklinga av forskingsetikk. Dette blir rekna for å vera ein grunnleggjande føresetnad for at FEK skal kunna vera ein ressurs for andre aktørar i det norske forskingssystemet og oppfylla dei andre måla sine.

- FEK har delteke på to møte med European Network of Research Integrity Offices (ENRIO). Dette er den viktigaste møteplassen for forskingsintegritet i Europa. I perioden 2022- 2028 er FEK v/ direktør Helene Ingierd medlem i ENRIOS styre. Sekretariatsleiar for Granskingsutvalget representerer FEK i Generalforsamlingen i ENRIO. Sekretariatsleiar i NESH er medlem

av programkomiteen for ENRIO Congress som blir avvikla annakvart år (neste i 2025). Sekretariatet bidreg også gjennom deltaking og leing av arbeidsgrupper.

- FEK deltok på World Conference on Research Integrity i Athen mai/juni 2024 med fleire posterar.
- FEK har delteke på møte i EUREC, det europeiske nettverket for forskingsetiske komitear innan medisin- og helsefag.

Vurdering

Møta i komitear og utval utgjer dei viktigaste møteplassane i FEK, i tillegg til møteplassane internt i sekretariatet. Kostnadene i FEK som ikkje er knytt dirka til lønn og drift, går i all hovudsak til å halda møte i komitear og utval og til å utbetala honorar til medlemmer.

Komitear og utval vurderer det framleis som mest formålstenleg at dei fleste møta blir haldne fysisk, som eit ledd i å sikra forsvarleg saksbehandling. Dei møteplassane som FEK arrangerer på fast basis blir generelt rekna som svært viktige for å etablera og halda oppe dialog med relevante aktørar. Møta våre treffer ulike målgrupper; i hovudsak dei som arbeider med forskingsetikk på institusjonane, i tillegg til forskarar; leiarar; nære samarbeidspartnarar og andre forskingsaktørar.

IV. Styring og kontroll i FEK

FEK si overordna vurdering av styringa og kontrollen for verksemda

FEK jobbar systematisk med styring og kontroll i verksemda. Me har etablert ei tryggleiks- og beredskapsgruppe der tre av tolv tilsette deltek, høvesvis direktør, HR og økonomiansvarleg og personvernombod. Det er ei utfordring at sekretariatet består av få tilsette, medan det blir stilt omfattande krav til arbeidet med tryggleik.

Samfunnstryggleik og beredskap

Sekretariatet jobbar heilskapleg med tryggingstyring. 25 % av dei tilsette har nøkkelroller i tryggingarbeidet. FEK har eit styringssystem for tryggleik i samband med tryggleiks- og beredskapsarbeidet, som også er samordna med leiingssystem for informasjonstryggleik og verksemdsstyringa elles. FEK har kartlagt eigne verdiar og avhengnader i samband med tryggleiks- og beredskapsarbeidet. Kompetansen i sekretariatet er identifisert som ein av dei viktigaste verdiane. Storleiken på sekretariatet inneber ei sårbarheit når det gjeld spisskompetanse som er vanskeleg å erstatta. Me har ein kontinuitetsplan for bortfall av kompetanse, og har gjennomført viktige risikoreduserande tiltak knytte til notat av rutinar. Personopplysningar er også identifiserte som ein verdi som må vernast. FEK har stort søkjelys på gode rutinar på dette området og gjennomfører risikoreduserande tiltak som t.d. kompetanseheving og bevisstgjerjing av tilsette. Samtidig er det ei høg grad av medvit på dette området blant tilsette, då personvern er ein del av forskningsetikken.

Krise- og beredskapsplanverket i FEK omfattar beredskapsplan, inkludert pandemiplan, og ROS-analyse, som omfattar dei tre tryggingssområda samfunnstryggleik og beredskap, nasjonal tryggleik, og informasjonstryggleik og personvern. Beredskapsplanen og ROS-analysen for FEK vart gjennomgått og revidert våren 2024. Område identifiserte som dei med høgast risiko for verksemda er dataangrep, personopplysningar på avvegar og pandemi. FEK har derfor særleg fokus på risikoreduserande tiltak og handtering innanfor desse områda. FEK gjennomførte ei kriseøving hausten 2024 om omdømmetap

etter hending med personopplysningar på avvegar. Dei viktigaste læringspunkta var at planverket vårt fungerer godt, og dei tilsette kjenner til dei viktigaste punkta, som kven som bør informerast og korleis ein omgåande bør handtera ein kritisk medieførerspurnad. Det er viktig at medlemmer i komitear og utval blir godt orienterte om planane våre for mediekontakt og informasjonslinjer, og at me nyttar reelle situasjonar til læring både for tilsette og medlemmer.

Informasjonstryggleik og personvern

Informasjonstryggleik har med sikring av informasjon og informasjonsverdiar å gjera, uavhengig av om den er lagra digitalt eller ikkje. Eit systematisk og planmessig arbeid for å sikra informasjonsverdiane våre er ein sentral del av FEK sitt arbeid. Både interne og eksterne skal kunna stola på at FEK sikrar informasjon i alle former, og at informasjon ikkje blir kjend for uvedkommande (konfidensialitet), ikkje blir endra utilsikta eller av uvedkommande (integritet), og er tilgjengeleg ved legitimt behov (tilgjengelegheit), jf. Ledelsessystem for informasjonssikkerhet og personvern i FEK 2024. Ein sentral forplikting for FEK er å sørgja for at behandling av personopplysningar er i samsvar med personopplysningslova og anna relevant lovverk. Eit systematisk og planmessig arbeid for å sikra dette er sentralt for å vareta rettane og personvernet til personar me behandlar opplysningar om, og for å vareta tilliten FEK er avhengig av.

Vurderinga frå HK-dir. er at FEK har ei tilfredsstillande etterleving av dei krava som blir stilte i Kunnskapsdepartementets policy for informasjonstryggleik og personvern. FEK vil framover føra vidare det arbeidet som blir gjort, og følgje tilrådingar frå HK-dir.

Effektivisere konsulentbruken

FEK nytta ein konsulent frå Deloitte Advokatfirma AS, i eit avgrensa arbeid med forbetring og kvalitets-sikring av personverndokumentasjon i 2024.

Læringer

FEK har vurdert moglegheita for lærlingar, men tekne i betraktning storleiken på verksemda har dette ikkje vorte gjennomført i 2024.

Desentralisert arbeid

FEK har vurdert moglegheitene for desentralisert arbeid, men teke i betraktning storleiken og eigenarten for verksemda, er dette ikkje gjennomført.

Motverka arbeidslivskriminalitet

FEK følger lov og forskrift om offentlege anskaffingar og nyttar anskaffingsordningar via staten ved Difi der det er mogleg. Dette gjeld reiseavtale, anskaffing av kontorrekvisita, mobiltjenester og datautstyr. Me gjennomfører anbod, også for mindre innkjøp.

FN sine berekraftsmål

FEK skal bidra til at forskinga i Noreg er etisk god og ansvarleg. Forsking som skjer i samsvar med anerkjende forskingsetiske normer, er forskning som byggjer opp under berekraftsmåla. For å oppfylle den overordna målsetjinga, gir FEK råd til forskarar, forskingsinstitusjonar, styresmakter og andre om forskingsetiske spørsmål. Nokre av desse råda handlar eksplisitt om korleis forskinga kan skje i samsvar med forskingsetiske retningslinjer om berekraftig utvikling.

FEK har dei siste åra gått over til skybaserte system. Det inneber ei optimalisering av dokumentlagring som både er gunstig med tanke på personvern, og med tanke på ressursbruk. FEK vurderer nøye om det er behov for reiser. Ved planlegging av oppgradering av lokala FEK deler med Teknologirådet, er det lagt stor vekt på berekraft, mellom anna gjennom gjenbruk og kjøp av brukte kontormøblar.

Likestilling og mangfald

FEK ser på mangfald og inkludering som ein styrke, og me ønskjer at dei som arbeider hos oss skal spegla mangfaldet i befolkninga. Arbeidet for å styrkja likestilling og mangfald er forankra i strategien vår som gjeld for perioden 2021-2025. Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er elles inkludert i resten av personalpolitikken.

Som offentlig instans, har FEK jobba mykje med å sikra ei universell utforming på nettsidene. Me jobbar også kontinuerleg med å vurdere om ressursane våre treffer målgruppene våre.

Arbeidet for likestilling og mot diskriminering på dei ulike personalområda kjem til uttrykk på ulike måtar

i verksemda. Me gir utdjupande kommentarar på tre utvalde område her.

Personalområdet rekruttering

FEK ønskjer ein betre kjønnsbalanse enn det me har i dag, og vil retta merksemd mot korleis me kan rekruttera fleire menn i ARP-arbeidet for 2025. FEK har i fleire år hatt eit fleirtal av kvinneleg tilsette. Pr. 31. desember 2024 var det ti kvinner og to menn tilsette i sekretariatet. Ved rekruttering er eit av punkta ved utarbeiding av stillingsutlysing gjennomgang av kjønnsfordelinga i sekretariatet.

I 2024 hadde me to utlysingar. Me anerkjenner utfordringane våre knytte til rekruttering og kjønn, og vil halda fram med å vurdere fleire tiltak for å få ein meir mangfaldig søkjarmasse, inkludert mannlege søkjarar. Me ønskjer også å vurdere nærare korleis me kan rekruttera personar med hol i CV og funksjonsnedsetjing.

Tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Det var ingen tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2024. Ved begge utlysingane FEK hadde i 2024, vart det vurdert om dei som hadde kryssa av for anten funksjonsnedsetjing eller hol i CV, var kvalifisert for innkalling til intervju. Ved ei av utlysingane vart derfor både ein kandidat med hol i CV og ein kandidat med funksjonsnedsetjing, innkalla til intervju.

Personalområdet moglegheit til å kombinera arbeid og familieliv

Arbeidsgivar legg opp til at FEK skal vera ein stad der det er god moglegheit til å kombinera arbeid og familieliv. Me har ein god seniorpolitikk, og tilsette held fram med å jobba etter at dei har fylt 67 år. Me legg vinn på å leggja til rette for arbeidstid tilpassa kvar enkelt, der det er mogleg. Avtale om heimekontor er med på å leggja til rette for praktiske utfordringar knytte til kombinasjonen arbeid og familieliv. I samsvar med avtalen tilsette kan inngå med arbeidsgivar, er det inntil to dagar med heimekontor i veka. Vidare praktiserer FEK fleksibel arbeidstid, også utover kjernetida som gjeld i staten.

IV. Styring og kontroll i FEK

Tabell 4. Personellområdet i FEK		
Tilstand for kjønnslikestilling	Menn	Kvinner
Kjønnsbalanse	2	10
Mellombels tilsette	0	0
Tilsette i deltidstillingar	0	1
Foreldrepermisjon (gjennomsnittleg tal på veker)	0	0
Gjennomsnittslønn fordelt på kjønn	978 834	872 137
Kjønnsfordeling på ulike stillingsnivå/grupper (kjønnskilnad i tal)	Menn	Kvinner
Seniorrådgivar	0	6
Avdelingsleiar	2	2
Rådgivar	0	1
Direktør	0	1
Tilsette som jobbar ufrivillig deltid (kjønnskilnad i tal eller prosent)	0	0

Pengestorleiker i NOK

FEK har 12 faste tilsette. Kjønnsbalansen totalt i verksemda (tal): 10 kvinner og 2 menn i 2024.

Det er ingen kjønnskilnadar når det gjeld kva tilsette som jobbar overtid. Alle tilsette har tenestetelefon. Alle tilsette med moglegheit for heimekontor får dekt breiband. I tillegg får alle tilsette dekt ei avis i samband med tenestleg behov og dessutan støtta til trening. Det er like lønns- og arbeidsvilkår for tilsette i sekretariatet. Me legg vinn på å leggja til rette for tilsette med spesielle behov og tilpassar utstyr og anna der det er nødvendig. I medarbeidersamtalar er kompetanseutvikling eit fast tema.

Helse, miljø- og tryggingarbeid

FEK arbeider systematisk med HMS, og har gått gjennom og oppdatert rutinane sine for internkontroll i 2024. Det vart gjennomført vernerunde i 2024. Direktør gjennomførte medarbeidersamtalar med tilsette. Direktør, HR og tillitsvalde har i 2024 involvert sekretariatet for gjennomføring av ny medarbeidarundersøking. FEK nytta same undersøking som staten elles: Medarbeidarundersøkinga i staten, MUST. Denne vart gjennomført i mai 2024. Resultata låg føre kort tid etter og vart følgt opp ved at både tillitsvalde, verneombod og medarbeidarar vart involverte i forståinga av resultata og oppfølginga av undersøkinga. Det vart sett av god tid og ressursar til gjennomføring av oppfølgingsarbeidet.

Sekretariatet i FEK har utarbeidd eit sett med verdjar. Målsetjinga er at verdiane skal vera ei rettesnor i arbeidet vårt og i relasjonane våre vidare framover. Dei skal vurderast og diskuterast med jamne mellomrom og takast opp på medarbeidersamtalar. Dette for å leggja til rette for diskusjonar om kva som utgjer ein trygg og inkluderande arbeidsplass, som ledd i eit kontinuerleg arbeid for godt arbeidsmiljø i FEK. Verdiane i FEK er:

Engasjerte. Me ønskjer å bidra til samfunnsoppdraget vårt

Kunnskapsrike. Me bidreg til utviklinga av fagfeltet forskingsetikk nasjonalt og internasjonalt, og leverer arbeid med høg kvalitet.

Trygge. Me skaper rom for mangfald gjennom respekt for kvarandre, og byggjer ein kultur prega av samhold og tillit.

Åpne. Me er inkluderande, tilgjengelege og deler kunnskap.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Det er svært positivt at det stadig er høg merksemd om feltet forskningsetikk nasjonalt og internasjonalt. I Noreg ser me at forskningsetikklova har hatt ein positiv verknad ved at forskingsinstitusjonane får fleire system på plass for å handtera arbeidet med forskningsetikk. Gjennom dialog og førespurnader, opplever me at det går føre seg mykje godt arbeid.

Det vil framleis vera eit stort behov for rettleiing knytt til krava i lova. Tendensen til fleire skuldingar om moglege brot på anerkjende forskningsetiske normer på institusjonane og på nasjonalt nivå har halde fram, og me forventar at utviklinga held fram. Når sanninga er under press, vil skyldingar om falsk forskning og forsøk på undergraving av forskning, kunne vera eit maktmiddel me må vera merksame på. Me må forventa å måtta handtera fleire urettmessige skuldingar om vitskapleg ureielegheit. Til saman inneber dette fleire oppgåver for FEK og auka press på sekretariatet.

Internasjonalt, leiar den politiske utviklinga til auka press på demokratiske verdiar, akademisk fridom og press på grunnleggjande forskningsetiske normer knytte til sanningssøken, openheit og sjølvstende. Risikoen for utidig innblanding i forskinga er mindre i veletablerte demokrati, men dei seinare åra har me også sett angrep på den akademiske fridommen i mange europeiske land. I USA er me no klare tendensar til at tema som ikkje passar den politiske dagsordenen ikkje får finansiering. Mykje er usikkert med samfunnsutviklinga framover og korleis dette påverkar arbeidet med forskningsetikk.

Internasjonalt leiar den politiske utviklinga til auka press på demokratiske verdiar, akademisk fridom og press på grunnleggjande forskningsetiske normer.

Utviklinga understrekar betydninga av at alle aktørar i forskningssystemet vernar og fremjar dei grunnleggjande prinsippa og normene i forskinga. Me håpar

at den kommande forskingsmeldinga, skal bidra til integritet i det norske systemet. Me må også ha ein open debatt om truslane og korleis dei best kan møtast. Det forskningsetiske systemet i Noreg er rigga for å førebyggja og informera, gi råd og gjera vedtak om forskningsetiske spørsmål og handtera truslar som gjeld fusk og snusk i forskning. Systemet kan ikkje på same måte handtera truslar om moglege brot på akademisk fridom. Me i FEK vil støtta kollegaer i land der truslane no er tydelege, mellom anna gjennom arbeidet i ENRIO og WCRI, der me skal halda fram med å vera aktive.



VI. Årsrekneskap

Stadfesting

Årsregnskapet er avlagt i samsvar til føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 fra Finansdepartementet og Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet i verksemds- og økonomiinstruksen for Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK). Me meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av FEK sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld. Prinsippnote ligg ved årsrekneskapen.

Riksrevisjonen gjennomfører revisjon av Dei nasjonale forskingsetiske komiteanes rekneskap. Frå 01.januar 2024 gjekk FEK over til rekneskapsføring etter Statlege rekneskapsstandardar (SRS).

Prinsippnote til årsrekneskapen

Virksomhet: Dei nasjonale forskingsetiske komiteane

Organisasjonsnummer: 999 148 603

Årsrekneskapar for statlege verksemder er utarbeidde og avlagde etter nærare retningslinjer fastsette i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2023 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingene av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportera til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga i staten i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årets slutt blir saldoen nullstilt på kvar enkelt oppgjerskonto ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postar i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponera. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten. Mottekne fullmakter til å belasta ei anna verksemds kapittel/post (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og blir vist i kolonnen for rekneskap.

Tekne belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Tekne belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta og blir derfor ikkje viste i kolonnen for rekneskap. Dei tekne fullmaktene kjem fram i note B til løyvingssopstillinga

Artskontorrapporteringa

Oppstillingen av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapporterte til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Prinsippnote - SRS

Generelt

Rekneskapen for verksemda er sett opp i samsvar med gjeldande SRS.

Anvende rekneskapsprinsipp

Opningsbalanse

FEK har teke i bruk dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) og avlegg årsrekneskapen etter desse standardane for første gong i 2024.

Som ei følgje av overgangen til SRS er det ikkje utarbeidd samanlikningstal for resultatoppstillinga og notar som viser til resultatoppstillinga.

Ved utarbeiding av opningsbalansen er immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel verdsette til gjenanskaffingsverdi eller verkeleg verdi. Finansielle anleggsmidlar er verdsette til verkeleg verdi.

Gjenanskaffingsverdi for ein eigedel er det beløp det vil kosta dersom eigedelen skulle skaffast i dag, vurdert til same kvalitet, standard og funksjonalitet som eksisterande eigedel.

Omløpsmidlar er verdsette til gjenanskaffingsverdi eller verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er verdsett til pålydande.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når ho er opptent. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet der overføring av risiko og kontroll er overført til kjøpar. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar resultatføres etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar resultatføres i takt med at aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene blir utførte, det vil seia i same periode som kostnadene kjem (motsett samanstilling).

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter blir kostnadsført i same periode som tilhøyrande inntekt.

VI. Årsrekneskap

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunne ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføra netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Verksemda resultatfører arbeidsgivardel av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betaler verksemda ein verksemdsspesifikk hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, betyr at han blir berekna ut frå kvar enkelt verksemds forhold, ikkje for grupper av verksemder samla. At den er hendingsbasert, betyr at ho tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er ajour i forhold til oppteninga til medlemmen. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

Bruttobudsjetterte verksemder har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og tente opp transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultat av aktivitetane i perioden blir null.

Leigeavtalar

Verksemda har valt å nytta forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmidlar er varige og store egedelar som blir disponerte av verksemda. Med varige egedelar siktar ein til egedelar med utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med store egedelar blir egedelar forstått med anskaffingskost på kr 50 000 eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskost trekt frå avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskiner og anna IKT-utstyr med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne tilsette til utvikling av programvare er kostnadsført.

Investering i aksjar og andelar

Investeringar i aksjar og andelar er balanseførte til kostpris på anskaffingstidspunktet. Investeringar i aksjar og andelar er vurderte til lågaste verdi av balanseført verdi og verkeleg verdi. Dette gjeld både langsiktige og kortsiktige investeringar. Motteke utbytte og andre utdelingar er inntektsførte som anna finansinntekt.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre poster er klassifisert som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Behaldning av varer og driftsmateriell

Behaldningar omfattar varer for sal og driftsmateriell som blir nytta i eller utgjer ein integrert del av den offentlege tenesteytinga for verksemda. Innkjøpte varer er verdsette til anskaffingskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Behaldningar av varer er verdsette til det lågaste av anskaffingskost og netto realisasjonsverdi. Behaldningar av driftsmateriell er verdsette til anskaffingskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventede tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av kvar enkelt fordring.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen ved slutten av rekneskapsåret. Her er Noregs Banks spotkurs per 31.12. lagt til grunn.

Kapitalen til staten

Statens kapital utgjer nettobeløpet av egedelane og gjelda for verksemda, og kjem fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskott. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja avrekna med statskassa.

Statlege rammevilkår

Selvassurandørprinsipp

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er følgeleg ikkje inkludert poster i balanse eller resultatrekneskap som søker å reflektera alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Konsernkontoordninga i staten

Statlege verksemder blir omfatta av konsernkontoordninga i staten. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane for verksemda i Noregs Bank.

Verksemda blir ikkje tilført likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemder blir saldoen nullstilt på kvar enkelt oppgjerskonto i Noregs Bank ved overgang til nytt rekneskapsår.

Saksbehandler: Anjam Latif Shuja



De nasjonale
forskningsetiske
komiteene

Kongens gate 14
0153 Oslo
Telefon 23 31 83 00

Kunnskapsdepartementet

post@forskningsetikk.no
www.forskningsetikk.no

Org.nr. 999 148 603

Vår ref.: 2025/24

Deres ref.:24/7496-

Dato: 07.02.2025

Ledelseskommmentar til årsregnskapet for 2024

Det vises til brev fra Kunnskapsdepartementet (KD) av 20. desember 2024, vedrørende årsregnskap for 2024 og delårsregnskap for 2025.

Formål

De nasjonale forskningsetiske komiteene (FEK) er en viktig del av det norske forskningssystemet og skal fremme etisk god og ansvarlig forskning. Virksomheten skal drives i samsvar med forskningsetikkloven med forskrifter. Etter loven skal det oppnevnes nasjonale forskningsetiske komiteer som til sammen dekker alle fagområder, og et Granskingsutvalg. Gjennom forebyggende arbeid og rådgiving, og gjennom gransking av saker om mulig uredelig forskning, skal FEK bidra til at forskning i offentlig og privat regi skjer i henhold til anerkjente forskningsetiske normer.

Bekreftelse

Årsregnskapet er avlagt i henhold til bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 fra Finansdepartementet og krav fra Kunnskapsdepartementet gjennom instruks for økonomistyring.

Vurdering av driften i 2024

Årsregnskapet er avlagt i henhold til bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 fra Finansdepartementet og krav fra Kunnskapsdepartementet i virksomhets- og økonomiinstruksen for FEK. Vi mener regnskapet gir et dekkende bilde av FEKs disponible bevilgninger, regnskapsførte utgifter, inntekter, eiendeler og gjeld. Prinsippnote ligger ved årsregnskapet. Riksrevisjonen gjennomfører revisjon av FEKs regnskap. Fra 2024 har FEK gått over til nye statlige regnskapsstandarder (SRS), og det har vært forberedelses- og omleggingsarbeid i forbindelse med innføring av dette systemet.

Vurdering av vesentlige forhold

I 2024 har FEK disponert tildelinger på til sammen 22 595 000 kroner. Virksomheten har hatt

HEK - Den nasjonale forskningsetiske komitee for medisin og helsefag

NEK - Den nasjonale forskningsetiske komitee for naturvitenskap og teknologi

FEK - Den nasjonale forskningsetiske komitee for samfunnsvitenskap og humaniora

GU - Nasjonalt utvalg for gransking av uretferdighet i forskning

UKD - Nasjonalt utvalg for vurdering av forskning på menneskelige levninger

et moderat underforbruk på 5,15 % av bevilgningen. Mindreforbruket skyldes i all hovedsak til tider inntil 100 prosent sykefravær for tre ansatte hos FEK, i hele og deler av 2024. Grunnet uforutsigbarhet i sykefraværet, har det ikke vært ansatt vikar før mot slutten av desember 2024. Vikaren startet opp i januar 2025.

Sykefraværet har også medført at planlagte prosjekter ikke har vært gjennomført med ordinær og planlagt drift, deriblant publisering av tidsskriftet Magasinet. Videre er forklaringen på noe av mindreforbruket lønnskompensasjon.

Investeringer

Det er ikke gjort vesentlige investeringer i perioden. Det planlegges heller ikke vesentlige investeringer.

Riksrevisjonen reviderer årsregnskapet. Riksrevisjonen er ekstern revisor for De nasjonale forskningsetiske komiteene. Årsregnskapet er ikke ferdig revidert per d.d. Fullstendig revisjonsberetning foreligger innen 1. mai 2025.

Bevilgningsrapportering

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen omfatter en øvre del med bevilgningsrapporteringen og en nedre del som viser beholdninger virksomheten står oppført med i kapitalregnskapet. Bevilgningsrapporteringen viser regnskapstall som virksomheten har rapportert til statsregnskapet. Det stilles opp etter de kapitler og poster i bevilgningsregnskapet virksomheten har fullmakt til å disponere. Kolonnen samlet tildeling viser hva virksomheten har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for hver statskonto (kapittel/post). Oppstillingen viser i tillegg alle finansielle eiendeler og forpliktelser virksomheten står oppført med i statens kapitalregnskap.

Mottatte fullmakter til å belaste en annen virksomhets kapittel/post (belastningsfullmakter) vises ikke i kolonnen for samlet tildeling, men er omtalt i note B til bevilgningsoppstillingen. Utgiftene knyttet til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsregnskapet, og vises i kolonnen for regnskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkludert i kolonnen for samlet tildeling, men bokføres og rapporteres ikke til statsregnskapet fra virksomheten selv. Avgitte belastningsfullmakter bokføres og rapporteres av virksomheten som har mottatt belastningsfullmakten og vises derfor ikke i kolonnen for regnskap. De avgitte fullmaktene framkommer i note B til bevilgningsoppstillingen.


Artskontorrapportering

Oppstillingen av artskontorrapporteringen har en øvre del som viser hva som er rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter og en nedre del som viser eiendeler og gjeld som inngår i mellomværende med statskassen. Artskontorrapporteringen viser regnskapstall virksomheten har rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for

statlige virksomheter. Virksomheten har en trekkrettighet på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingene er ikke inntektsført og derfor ikke vist som inntekt i oppstillingen.

Med vennlig hilsen

Helene Ingierd
Direktør



Anjam Latif Shuja
Seniorrådgiver

De nasjonale forskningsetiske komiteene

Prinsippnote for oppstilling av bevilgningsrapportering og artskontorrapportering

Regnskap for statlige virksomheter er utarbeidet og avlagt etter nærmere retningslinjer fastsatt i bestemmelser om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Regnskapet er i henhold til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, nærmere bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2022 og eventuelle tilleggskrav fastsatt av Kunnskapsdepartementet. Det er utarbeidet en egen prinsippnote til virksomhetsregnskapet som føres i tråd med de statlige regnskapsstandardene (SRS).

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen og artskontorrapporteringen er utarbeidet med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 - de grunnleggende prinsippene for årsregnskapet:

- a) Regnskapet følger kalenderåret (ettårsprinsippet)
- b) Regnskapet inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for regnskapsåret (fullstendighetsprinsippet)
- c) Regnskapet er utarbeidet i tråd med kontantprinsippet
- d) Utgifter og inntekter er ført i regnskapet med brutto beløp (bruttoprinsippet)

Oppstillingene av bevilgnings- og artskontorrapportering er utarbeidet etter de samme prinsippene, men gruppert etter ulike kontoplaner. Prinsippene samsvarer med krav i bestemmelsene punkt 3.5 til hvordan virksomhetene skal rapportere til statsregnskapet. Sumlinjen "*Netto rapportert til bevilgningsregnskapet*" er lik i begge oppstillingene.

Virksomheten er tilknyttet statens konsernkontoordning i Norges Bank i henhold til krav i bestemmelsene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte virksomheter tilføres ikke likviditet gjennom året, men har en trekkrettighet på sin konsernkonto. Ved årets slutt nullstilles saldoen på den enkelte oppgjørskonto ved overgang til nytt år.

Bevilgningsrapporteringen

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen omfatter en øvre del med bevilgningsrapporteringen og en nedre del som viser beholdninger virksomheten står oppført med i kapitalregnskapet. Bevilgningsrapporteringen viser regnskapstall som virksomheten har rapportert til statsregnskapet. Det stilles opp etter de kapitler og poster i bevilgningsregnskapet virksomheten har fullmakt til å disponere. Kolonnen samlet tildeling viser hva virksomheten har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for hver statskonto (kapittel/post). Oppstillingen viser i tillegg alle finansielle eiendeler og forpliktelser virksomheten står oppført med i statens kapitalregnskap.

Mottatte fullmakter til å belaste en annen virksomhets kapittel/post (belastningsfullmakter) vises ikke i kolonnen for samlet tildeling, men er omtalt i note B til bevilgningsoppstillingen. Utgiftene knyttet til mottatte belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsregnskapet, og vises i kolonnen for regnskap.

